




SURNADAL KOMMUNE

RETNINGSLINJER FOR EIGEDOMSSKATTETAKSERING I SURNADAL KOMMUNE FOR PERIODEN 2020-2029 – Revidert 01.01.2025



1. Formål

Dette dokumentet omhandlar rammer og retningslinjer for taksering av eigedomar i Surnadal kommune. Retningslinjene skal medverke til likebehandling i takseringsarbeidet.

2. Ansvarsforhold

2.1 Sakkyndig nemnd sitt ansvar

Sakkyndig nemnd har til oppgåve å taksere alle skattepliktige eigedomar med unntak av kraftproduksjonsanlegg. Ved taksering skal nemnda ta stilling til om eigedomen er skattepliktig, eller om den er friteken, som til eksempel landbrukseigedom.

Sakkyndig nemnd kan bruke innleidd hjelp i arbeidet med synfaring av eigedomane.

2.2 Eigedomsskattekontoret sitt ansvar

Funksjonen som eigedomsskattekontor er lagt til økonomiavdelinga, med følgjande ansvar:

- Vere sekretær for takstnemnda.
- Skrive ut skatten, legge ut skattelister, sende skattekrev og foreta innfordring.
- Hjelpe klagenemnda for eigedomsskatt med klagebehandlinga.

Eining for Areal- og naturforvaltning hjelper eigedomsskattekontoret med ajourføring av lokal matrikkkel.

2.3 Kommunestyret sitt ansvar

Kommunestyret gjer dei overordna, generelle vedtaka om eigedomsskatt, herunder:

- Vedtak om når det skal gjennomførast generell om taksering.
- Vedtak om kva takstnemnder kommunen skal ha, og val av medlemmar til desse.
- Vedtak om eigedomsskatt på bustadeigedomar skal fastsettast med utgangspunkt i bustadverdi frå skatteetaten eller ved at takstnemnda takserer bustadeigedomane.
- Vedtak om det skal nyttast ein generell reduksjonsfaktor.
- Årleg vedtak om utskriving av skatten i forbindelse med årsbudsjettet, som skal innehalde:
 - Verkeområde
 - Skattesatsar
 - Eventuelle fritaksreglar
 - Eventuelle botnfrådrag

3. Juridiske rammer for taksering

Eigedomsskattelova §4 har slik ordlyd om verdsettinga:

“EIGEDOMSSKATT VERT SKRIVEN UT PÅ DEI FASTE EIGEDOMANE UT FRÅ TILHØVA DEN 1. JANUAR I SKATTEÅRET.”

Eigedomsskattelova § 8A-2 har slik ordlyd om verdsettinga:

"Verdet av eigedomen skal setjast til det beløp ein må gå ut frå at eigedomen etter si innretning, brukseigenskap og lokalisering kan bli avhenda for under vanlege salstilhøve ved fritt sal."

Utgangspunktet ved eigedomskattetakseringa er altså ei skjønnsmessig vurdering av omsetningsverdi. Det er rettsleg akseptert at det blir brukt forholdsvis grove modellar for takstbereking, kor ein ut frå normalt reknar seg fram til ein verdi ved hjelp av sjablongar.

Men det skal uansett gjennomførast ei synfaring kor det blir vurdert om verdien etter sjablongregelen framstår som rimeleg sett i forhold til tenkt omsetningsverdi og takstnivået på tilsvarende eigedommar i same område.

3.1 Spesielt om landbrukseigedomar

Eigedomsskattelova § 5h fastsett obligatorisk fritak for følgjande eigedommar:

"Eigedom som vert driven som gardsbruk eller skogbruk, herunder gartneri og planteskule tilknytt slik drift."

Følgjande retningslinjer er fastsette for rekkevidda av landbruksfritaket:

- Fritaket gjeld ikkje for våningshus, kår bustader, andre bustader og fritidsbustader som kan nyttast til utleige, og garasjar for privatbil.
- Våningshus og kår bustader skal takserast, men dersom eigedomen er konsesjonspliktig skal lågare sats nyttast ved utrekning av areal.
- Seterbygningar blir særskilt vurdert. Seterbygg som framstår som fritidsbustader vil bli taksert som fritidsbygg. For at ei seter skal bli sett på som landbruksbygg, må skattytar sannsynleggjere ein klar samanheng mellom gardsdrift og bruken av setra.
- Andre bygningar på garden skal vurderast individuelt i forhold til sentrale føringar om rekkevidda av landbruksfritaket.

4. Takseringsmetode

Takseringa skal vere basert på ein kombinasjon av fakta og skjønn. Fakta skal bygge på kvalitetssikra informasjon frå matrikkelregisteret.

Skjønn blir utøvd av sakkyndig nemnd ved fastsetting av takseringssjablongar og korreksjonsfaktorar for den enkelte eigedom.

Metodikken skal sikre ei effektiv gjennomføring av takseringa, samtidig som likebehandlingsprinsippet blir ivaretake på ein tilfredsstillande måte.

Det blir fastsett kvadratmeterverdiar for dei ulike bygningsgruppene. Det er vidare fastsett retningslinjer for vurdering av eigedomens standard, utforming og plassering gjennom normer for bruk av korreksjonsfaktorar.

4.1 Fakta frå matrikkelregisteret

Følgjande data frå matrikkelregisteret skal nyttast:

- Eigar
- Bygningsinformasjon
 - Bygningstype
 - Bruksareal i den enkelte etasje
 - Antall brukseiningar (grunnlag for eventuelt botnfrådrag)
 - Område

For data som har verknad på takstane skal matrikkeldata vere kvalitetssikra. Kvalitetssikring skjer på følgjande måte:

- Oppretting av tidlegare mangelfull matrikkelregistrering ved gjennomgang av byggesaksarkivet.
- Kontroll av bygningsdata ved synfaring.

4.2 Gruppering av eigedomar

Reglane i dette punktet gjeld ikkje for bustadhus når ein brukar bustadsverdi frå skatteetaten

4.2.1 Bygningsgrupper

Bygningstyper i matrikkelen .	
Bustadbygg	100-159
Fritidsbustad	161 - 163
Garasje, uthus, annex	181 – 189
Industribygg	211 – 219
Lagerbygg	231 – 239
Kontor- og forretningsbygg	311 – 330, 411 – 429
Hotell, restaurant og overnatningsbygg	511 – 519, 521 – 529, 531 – 539
Andre bygningstypar	611 – 840

Arealavgrensing

Frittliggende bygning med bruksareal på 15 m² eller mindre inngår ikkje i takseringa.

Kombinasjonsbygg

Nokre bygningar har blanda bruk. Ved taksering skal bustaddelen og andre funksjonar takserast kvar for seg.

4.2.2 Tomte- og arealgrupper

Bruk av grunn i matrikkelen .	
Tomt for bustad og våningshus	B og bustaddel av L
Tomt for fritidsbustad	F
Utbyggingsareal til bustad og fritidsbustad	Reguleringsplan av L V, O, T
Tomte-, parkerings- og utbyggingsareal til forretning.	P
Friareal i følgje reguleringsplan	I
Bergverk og industri	

Datakilde: Tomtestørrelsen blir basert på matrikkeldata for utrekna areal. Det blir ført korreksjonsprotokoll dersom eigar kan dokumentere at faktiske areal avvik vesentleg frå det utrekna arealet.

4.3. Kvadratmeterverdiar

Sjablongtakseringa tek utgangspunkt i følgjande kvadratmeterverdi før korrigering for etasjefaktor, evt. takstsone, ytre faktor, alder og standard:

Bygningar	BRA	Pris (kr)
Einebustad og tomannsbustad pr. etasje	Pr. m ²	14.000
Leiligheter, rekkehus, kjedehus, andre småhus	Pr. m ²	24.000
Våningshus på konsesjonspliktige gardsbruk	Pr. m ²	11 200
Fritidsbustader	Pr. m ²	20.000
Garasjer og uthus	Pr. m ²	1.000
Grunnareal		
Tomt, næring i industriområdet Syltøran/Røtet	Pr. m ²	100

Forretningsbygg, næringseigedom, industribygg og andre bygningstypar blir vurdert i kvart enkelt tilfelle.

4.4. Rammer for bruk av ytre og indre faktor

All bruk av ytre og indre faktor skal ha som formål å spegle marknadsverdien for eigedomen.

4.4.1 Ytre faktor

Ytre faktor kan nyttast innanfor området 0,5 – 3,0 for å vurdere:

- Plassering/ tilgjengeleghet
- Forskjellar i omsetningsverdi innanfor eigedomsskatteområdet. Dette kan vere omgivnad eller område i kommunen.

Her er spennvida kraftig utvida frå tidlegare retningslinjer. Dette for å kunne handtere den store spennvida det er i marknadsverdi frå ein del av kommunen til ein annan. Både ulike verdiar frå gren til gren, men også den auka marknadsverdien som ligg i sjønære område.

Ytre faktor blir bruka på heile eigedomens verdi – både tomteverdi og bygningsverdi.

4.4.2 Indre faktor

Indre faktor kan nyttast i området 0,2 – 2,0 og skal brukast for å korrigere forhold på sjølve eigedomen.

- **Dette kan t.d. vere funksjonalitet, standard og kvalitet på eigedomen. Hytter utan vatn/avløp skal gi ein reduksjon på -0,1 og utan straum gis reduksjon på -0,1.**
- Byggjeår vil i dei fleste tilfella gje ein peikepinn på bygningsmassens standard, og kan difor nyttast som utgangspunkt for den vidare skjønnsmessige vurdering av eigedomen.
- **Er delar av bygningsmassen restaurert må ein sjå på kor stor del av bygningsmassen som er standard- eller kvalitetsheva i forhold til totalmassen, og ut ifrå det foreta ei faktorjustering. Dette gjeld og ved påbygg.**
- Rivingsobjekt kan settast til bygningsverdi 0.
- Areal gir utslag på indre faktor. Arealfaktoren skal fange opp at marknadsverdien ikkje stig i takt med arealet.

For fritidsbustader blir arealfaktoren bruka slik:

Areal – BRA	Faktor
0-79 m ²	1,0
80-99 m ²	-0,1
100-119 m ²	-0,2
120-139m ²	-0,3
Over 140 m ²	-0,4

For bustad/våningshus blir arealfaktoren bruka slik:

Areal – BRA	Faktor
0-199 m ²	1,0
200-399 m ²	-0,1
Over 400 m ²	-0,2

- **Bruksareal** (BRA) er det styrande begrepet for arealberekingar. BRA omfattar alt areal innanfor omsluttande ytterveggar, definert etter NS 3940. Standarden definerer også regler for etasjebetegnelsar. Bruksareal i hovedetasjen har gjennomgåande høgare omsetningsverdi enn andre etasjeplan. Difor blir det ved arealberekinga foretatt etasjekorrigeringer.

Etasjeplan	Korreksjonsfaktor
Kjellar	0,5
Underetasje med hybel/leilighet (112-bygg)	1,0
Underetasje	0,8
Hovudetasje 1	1,0
Hovudetasje 2,3 osv.	0,9
Loftetasje	0,7

Der sjablong ikkje er ega skal det brukast ein annan metode for taksering.

4.5. Spesielle eigedomar

- Bygningar bygd eller renovera til særskilt næringsverksemde blir taksert etter nærmere undersøkingar. (Dette gjeld bl.a. turistbedrifter og gardsbruk som er delvis nytta til anna enn jordbruk)
- Kraftanlegg blir taksert av Sentralskattekontoret for storbedrifter.
- Kraftlinjer/trafoar blir taksert av sakkyndig nemnd.

4.6. Andre forhold

4.6.1 Privatrettslege avtalar og hefte på eigedomane

Det er eigedomen som objekt som skal takserast. Kven som drar nytte av eigedomen gjennom private avtalar, skal ikkje vurderast. Eksempel vil ein avtale om burett ikkje påverke taksten.

5. Saksbehandling

Alle eigedomsskattetakstar skal behandlast individuelt. For å sikre god saksbehandlingskvalitet skal desse retningslinjene nyttast for produksjon av takstforslag og gi nemnda eit rasjonelt produsert takstskjema på grunnlag av registrerte data.

Reglane fritek likevel ikkje nemnda for si plikt til individuell taksering av kvar enkelt eigedom. Nemnda kan difor fråvike reglane om dei finn det nødvendig.

Samstundes har regelsettet ein stor verdi som informasjonskjelde til skattytarane og andre, om kva forhold som blir vektlagt i takseringsarbeidet.

5.1 Engasjera hjelp til takseringsarbeidet

Sakkyndig nemnd kan engasjere hjelp til taksering av særskilte eigedomar som t.d. industri, kraftlinjer og næringseigedomar.

Sakkyndig nemnd kan også engasjere mannskap til synfaring av fritidseigedomar og våningshus i det monn nemnda finn nødvendig.

Eigedomsskattekontoret og sakkyndig nemnd sørger for opplæring og instruksjon av personellet før takseringa startar.

5.2 Produksjon av takstforslag

Etter synfaring blir følgjande utført:

- Avvik som er avdekka mellom opplysninga i matrikkelregisteret og faktisk situasjon blir lagt fram for matrikkelansvarleg i kommunen. Matrikkelansvarleg avgjer om det skal korrigeras i matrikkelregisteret, i den grad dette er mogleg i framdrifta av takseringsarbeidet.
- Eigedomsskattekontoret utarbeider liste med informasjon om eigar, sjablongtakst, forslag til korreksjonsfaktorar og forslag til takst. Takstane blir lagt fram for sakkyndig nemnd for avgjerd. Sakkyndig nemnd går gjennom takstforslaga saman med Eigedomsskattekontoret. Nemnda skal gjerast spesielt merksam på enkeltsaker som er vanskeleg å taksere, og kva vurderingar som ligg til grunn for takstforslaget i desse sakene.
- Det skal førast protokoll frå alle møta i sakkyndig nemnd.